

Dato Januar 2014	Elevnummer p617	Kjønn jente ☐ gut ☒		Det fyrste språket du lærte Norsk ☒ Anna ☐		Utkast: 1
-------------------------------	---------------------------	--	--	---	--	---------------------

Bruk av TV- og dataspel

Brakar du mykje av fritida di til og spel? Me veit at stadig fleire bruker dataspel i fritida. Eg har spørja elevane i klassen min og kva dei meiner om TV og dataspel. No skal eg fortelja kva meiningar som kom fram og til slutt **kommer** fram **min** meining.

Mange av elevane seier at TV- og dataspel kan vera: sosialt, kjekt, lærerikt.

Mange meiner faktisk at dette er sosialt fordi: du kan spela på multispelar-spel, ha LAN-party eller spele mot kvarandre. På den andre sida kan det og vera usosialt fordi du kan bli avhengig av spel. (det var faktisk ein gong ein ungdom fekk for lite mat og drikke fordi han spelte alt for masse og var avhengig).

Nokre positive ting med dette er at du kan få nye venner, kan få betre fantasi, hjernetrim, kan vera gøy, har noko å gjera på

Mange **syntes** at TV- og dataspel er negativt for eksempel at du kan bli avhengig, kan sløse pengar, påverking (Døme: Nokon har spelt eit skrekk spel og trur at det han har blitt skremt av kommer etter han).

Min meining er at spel er sosialt fordi ja, du kan få nye venner, og du kan bli betre kjent med vennene du har frå før. Det morosamaste med det er at det kan vere mykje komisk med å spele med andre.

Takk for meg :D

Kommentert [HSH1]: Det er viktig at overskrifta er fengjande og at den fortel kva teksten handlar om. Greier du å formulera den meir presis?

Kommentert [HSH2]: God innleiing! Du fortel kva du har undersøkt og korleis du vil presentera dette for lesaren. Lesaren får lyst til å lesa vidare.

Kommentert [HSH3]: Lag heile setningar – ikkje bruk kolon og ramse opp.

Kommentert [HSH4]: Sjå kommentar ovafor – ta bort kolon.

Kommentert [HSH5]: Kan du koma på andre grunnar til at det er usosialt? Korleis er ein når ein er usosial?

Kommentert [HSH6]: Prøv å få tydelegare fram at dette er noko klassen meiner og begrunn det du har skrive.

Kommentert [HSH7]: Fint om du kan knyta saman overgangen her, t.d.. Vidare syntes mange at..... Pass på dette med opprømsing her og. Sjekk skrivestartarane på rammenotatet.

Kommentert [HSH8]: Eg ynskjer at du utdjupar og skriv litt meir her.

Kommentert [HSH9]: Ta vekk dette ☺ Du kunne sagt det om det hadde vore ein munnleg tekst, men her passar det ikkje inn.

Kommentert [HSH10]: Arbeid vidare: Innleiinga di er god. Rettskrivinga og teiknsetjinga er bra – rett gule ord. Det du treng å jobba vidare med er å rydda i det du har skrive i hovuddelen og utdjupa dette. Vidare ynskjer me at du tenkjer meir over di eiga meining.